




VAL

Kommunestyre- og
fylkestingvalet 2023

Nynorsk

Viktig informasjon til deg som skal røyste

Valdagen er 11. september. Hugs legitimasjon.



valg.no

VALdirektoratet

Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023

Kvart fjerde år vel vi kven som skal representere oss i kommunane og i fylkeskommunane.

I kommunestyret blir det teke avgjerder om lokale saker. Dette kan vere barnehagar, grunnskulen, helse- og omsorgstenester, barnevern, kulturtiltak og renovasjon.

Oppgåvene til fylkestinget omfattar mellom anna vidaregåande opplæring, fylkesveggar med tilhøyrande ferjestrekningar, lokal kollektivtransport og kulturtiltak.

Oslo har kommunestyreval og bydelsutval, men ikkje fylkestingval.

I denne brosjyren finn du informasjon om vala og korleis du røystar.

Valdagen er måndag 11. september 2023

I mange kommunar kan du også røyste søndag 10. september. Du kan førehandsrøyste kor som helst i landet frå 10. august til 8. september. **Hugs legitimasjon.**



Hugs legitimasjon når du røystar

Du må vise legitimasjon når du skal røyste. Legitimasjonen må innehalde namn, fødselsdato og bilete, og kan til dømes vere pass, nasjonalt ID-kort, førarkort eller bankkort med bilete.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som t.d. sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett til å stadfeste identiteten din. Den tilsette må då legitimere seg.



Kven kan røyste?

- Norske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og som er, eller har vore, folkeregistrerte som busette i Noreg.
- Statsborgarar av Danmark, Finland, Island eller Sverige som har fylt 18 år innan utgangen av 2023, og er folkeregistrerte som busette i Noreg seinast 30. juni 2023.
- Personar som ikkje er norske statsborgarar, men som har fylt 18 år innan utgangen av 2023 og har vore registrerte i folkeregisteret som busette i Noreg dei tre siste åra før valdagen.



Når og kor kan du røyste?

Du kan **førehandsrøyste** frå 10. august til og med fredag 8. september i kva som helst kommune.

På valdagen må du røyste i kommunen du er folkeregistrert som busett i per 30. juni 2023. Du kan røyste i kva som helst vallokale i kommunen.

Har du ikkje høve til å røyste på valdagen eller i perioden for førehandsrøysting?

Då kan du be kommunen din om å få røyste tidleg frå 3. juli.

Det er også mogleg å røyste frå utlandet frå 1. juli fram til og med 3. september.



Finn nærmaste vallokale på valglokaler.no



Valkort

Valkortet er ei stadfesting på at du har røysterett. Der står det også kor og når du kan røyste på valdagen. Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon, og du treng ikkje valkortet for å røyste.

Valkortet blir sendt til den digitale postkassa di eller i Altinn. Dersom du har reservert deg mot digital kommunikasjon med det offentlege, eller ikkje har nytta ID-porten på 18 månader, får du tilsendt valkortet på papir.

Kontakt kommunen din dersom du ikkje har fått valkortet, eller er usikker på om du har røysterett.

Slik røystar du



Dersom du røystar utanfor kommunen din, får du ein røystesetel med namna på dei registrerte politiske partia. Kryss av for partiet du ønskjer å røyste på. Røystesetelen inneheld ikkje namna på partikandidatane. Du kan difor ikkje gjere endringar på desse røystesetlane.

Dersom røystesetelen ikkje inneheld partiet eller gruppa du ønskjer å røyste på, kan du sjølv skrive inn namnet på partiet eller gruppa. Du kan også skaffe røystesetel frå valdistriktet ditt på eiga hand, og bruke denne for å gjere endringar. Røysta blir send til heimkommunen din for oppteljing. Det same gjeld dersom du røystar utanfor fylket ditt ved fylkestingvalet.

Viss du er sjuk eller ufør, kan du kontakte kommunen for å få førehandsrøyste heime. Kommunen informerer om søknadsfristen.

Dersom du er folkeregistrert i ein kommune eller eit fylke som er omfatta av kommune- og regionreforma, vel du representantar til kommunestyret og fylkestinget i dei nye kommunane og fylka.

Hjelp til å røyste i vallokalet


Ta kontakt med ein valfunksjonær dersom du har spørsmål eller treng rettleiing når du skal røyste. Valfunksjonærane har teieplikt.

Dersom du har ei psykisk eller fysisk funksjonsnedsetjing som gjer at du ikkje klarer å røyste på eiga hand, har du rett på hjelp. Du kan få hjelp til å røyste av ein valfunksjonær eller ein annan person du sjølv peiker ut.


Slik røystar du i heimkommunen din




1) Ta røystesetlane du ønskjer å bruke: Éin for kommunestyrevalet og éin for fylkestingvalet, dersom du ønskjer å røyste ved begge vala.



2) Viss du vil gi personrøyster, kan du krysse av i boksen ved sida av listekandidatane på røystesetelen du ønskjer å gi personrøyst til. Du kan gi personrøyst til så mange kandidatar du vil (sjå rettleiing på neste side).



3) Brett røystesetlane med partinamnet inn og feltet for stemping ut – då kan ingen sjå kva du røystar. Ikkje ha røystesetlane i konvolutt eller anna omslag.



4) Gå til ein valfunksjonær og få eit stempel på røystesetlane. Dette er viktig for at røystinga skal bli godkjend.



5) Legg røystesetlane i valurna. I Oslo er det kommunestyreval og val til bydelsutval, men ikkje fylkestingval. Dersom du er manntalsført i Oslo kommune og ønskjer å røyste ved val til bydelsutval, kan du anten nytte ein røystesetel du sjølv har med deg for val til bydelsutval, eller eit blankt ark der du fører på namnet på partiet/gruppa du vil røyste på. Viss du nyttar eit blankt ark, må du hugse å føre på at setelen gjeld val til bydelsutval.

Endringar på røystesetelen


Viss du ønskjer å påverke kva kandidatlar som blir valde, kan du gi ei personrøyst til kandidatane du vil skal få ei ekstra personrøyst. Det er opp til deg om du vil endre på røystesetelen ved å gi personrøyst. Framgangsmåten for å gi personrøyster står forklart også på røystesetelen.

Slik gir du ei personrøyst:



Ved kommunestyrevalet:

1) Kryss av i ruta ved sida av namnet på kandidaten du vil gi ei personrøyst. Du kan gi personrøyster til så mange kandidatlar du vil.



2) Skriv namna på kandidatlar frå andre parti/grupper i eit eige felt på røystesetelen. Det står på røystesetelen kor mange kandidatnamn du kan føre opp.

Ver merksam på at dersom du gir personrøyst til ein kandidat frå eit anna parti eller ei anna gruppe, blir det overført ei såkalla listerøyst til dette partiet / denne gruppa. Dette kan påverke fordelinga av mandat i kommunestyret



Ved fylkestingvalet:

Kryss av i ruta ved sida av namnet på kandidaten du vil gi personrøyst. Du kan gi personrøyst til så mange kandidatlar du vil.

Kven blir vald?

Etter at alle røstesetlane har blitt talde opp, finn valstyret ut kor mange representantar dei ulike partia eller gruppene får i kommunestyret eller fylkestinget. Deretter tel valstyret opp personrøystene for å finne ut kva kandidatar som har blitt valde.

Gitt ut 2023 av valdirektoratet.
Publikasjonen er tilgjengeleg også på nynorsk, samisk og ti framandspråk.

Du finn meir informasjon om valet på valg.no



Skann QR-koden for å lese brosjyren på andre språk.